

# Alle barn har rett til utdanning

ICARE2 (Initiativ for barns rett til utdanning), Heiavegen 28, 5454 Sæbøvik

## Hjelp fattige barn med skulegang – Gi ditt bidrag!

**For mange barn i Filippinane er kvardagen ein kamp for å overleve. Ditt bidrag gjer ein forskjel. Med ditt bidrag følgjer håp og draumar for framtida!**

### Lokal forankring

Icare2 har solid lokal forankring. Bidragsyting vert følgd opp av lokale kontaktar som har grundig kjennskap til språk, kultur, skule og skulekrets. Det er ingen støtte i form av kontantar, berre skulemateriell, skuleuniform, mat og transport.

ICARE2 har eit lokalkontor i Cebu City og er registrert hos Security and Exchange Commission (SEC) i Filippinane. Vår lokale partner er stiftinga Rise Above Foundation som driv ulike hjelpeprosjekt i Cebu City. Rise Above har virka i Cebu City i meir enn 15 år og vert drive av frivillige frå Filippinane og fleire andre land, mellom anna frå Noreg og Danmark.

### Føremål

Minnestiftinga Initiativ for barns rett til utdanning (ICARE2) arbeider for å gi fattige barn i Filippinane moglegheit til utdanning. Stiftinga er oppretta til minne om Nanne Andrea og Solveig Davies Landa.

Vi samlar inn pengar slik at barna får dekkja dei viktigaste behova og kan gå på skule. Pr dato er 50 barn med i programmet (49 på barne/ungdomsskule og ein høgskulestudent).

I tillegg til utdanning bidreg Icare2 også med naudhjelp.



### Fakta om Filippinane

Befolkninga over 100 millionar.

40% av befolkninga lever for under 5 kr om dagen (WHO 2008).

25% av befolkninga går svolten til sengs (Department of Health 2008).

66% av filippinske barn frå 1-4 år lir av orm i magen (UNICEF 2004).

### Kvifor er utdanning så viktig?

- ✓Alle barn har rett til utdanning – "Barnelova"
- ✓Kunnskap gir makt og er nøkkelen til ein veg ut av fattigdom
- ✓Å få gå på skulen skaper moglegheiter og gir barna håp og draumar for framtida
- ✓Ved å hjelpe barna til å nå sitt potensiale, bidreg ein også ei positiv utvikling i heimlandet
- ✓Hjelp til utdanning er hjelp til sjølvhjelp, og verkar både på kort og lang sikt
- ✓Kunnskap er einaste veg ut av avmakt og håpløyse

